

Protokoll

Organ	Møtedato	Vedtak- sak nr.	Tidl. sak	O-sak nr.	Ark.
Styre	05.02.2019	01 - 09 /2019			
Representantskap					

Innkalling sendt	Åge Verpe (Vinje), Mona Skaufel Seltveit_(Tokke), John Kjell Lien (Fyresdal), Tone Gulliksen Øy (Kviteseid) Konsultativ: Elsa Ann Hauglid (driftsleiar)
Forfall	Gunnar Eilefstjønn (Seljord), Peter Fjågesund (Seljord)
Sak 01/2019	<p>Sak 01/2019 Tøming av uregistrera slambeholdarar/-avskiljarar</p> <p>Frå tid til annan får Renovest førespurnad om tøming av slambeholdarar/-avskiljarar som ikkje ligg inne i etablera tømepleaner (ikkje godkjente behaldarar/tankar). Vi har fram til no praktisera å nekte tøming av slike, men med melding til aktuell kommune.</p> <p>No ønskjer spesielt Fyrsdal kommune at me tømmer slike behaldarar/tankar for å unngå at andre slamaktørar kjem inn i området og utfører oppdraget.</p>
Vedtak Sak 01/2019	<p>Sak 01/2019 Tøming av uregistrera slambeholdarar/-avskiljarar</p> <p>Renovest tømmer slike tankar på førespurnad frå kunde, og rapporterer til aktuell kommune at det er tømt ein <u>uregistrera</u> tank.</p> <p>Renovest fakturerar då dette som naudtøming til kunden.</p> <p>Då er det opp til aktuell kommune å få ordna opp, anten er det ein feil i systemet eller så er tanken/anlegget ulovleg installera.</p>
Sak 02/2019	<p>Sak 02/2019 Tilsyn slamanlegg</p> <p>Renovest har via programvare «Felttømar» / slamtømar registrera opplysningar/data knytt til m.a. feil/mangler ved slamanlegg ifm. tøming.</p> <p>Det er relativt mange naudtømingar i løpet av året.</p> <p>For året 2018 har vi reg. flg.:</p> <p style="padding-left: 40px;">Naudtømingar: 61 stk / dette representerer ein fakturasum frå Renovest til i hovudsak private abonnentar med tilnærma kr 304 000,- + mva</p> <p>Desse naudtømingane kunne vore unngått om anlegga hadde stetta krav stilt til slike. For å bidra til eit meir aktivt tilsyn kan Renovest tilby eigarkommunane å rapportere registrera feil og manglar som oppdagast ved tøming mot godtgjersle, tilsvarande vår administrativkostnad.</p> <p>- døme på slik rapport følgjer vedlagt som eige fil.</p>
Vedtak Sak 02/2019	<p>Sak 02/2019 Tilsyn slamanlegg</p> <p>Renovest sender kvartalsvise/årlege <u>tilstandsrapportar</u> til kvar kommune.</p> <p>Kostnadene belastast slamgebyret.</p>

<p>Sak 03/2019</p>	<p>Sak 03/2019 Elektronisk arkiv</p> <p>Vi arbeider med etablering av eit system for elektronisk arkiv. Konika/Minolta via Lidvard Arvesen AS har tilgjengeleg systemet M-files, ei «skybasert» objektbasert, metadatastyrt plattform.</p> <p>Denne programvara stettar ikkje krava til NOARK, men iflg. Riksarkivaren er det heller ikkje krav til slikt hos oss. Arkivsystemet må være oppbygd slik at det er enkelt å framskaffe arkivert materiale, brukervennlig, etc</p> <p>I hovudsak er det heile eller delar av flg. lover og forskrifter som gjeld og har betydning for oss:</p> <ul style="list-style-type: none"> i. Arkivloven Lov av 4. desember 1992 nr. 126 om arkiv (arkivloven) ii. Offentleglova Lov av 19.05.2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd (offentleglova) iii. Kommuneloven Lov av 25.09.1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) iv. Forvaltningsloven Lov av 10.02.1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) v. Personopplysningsloven Lov av 14.04.2000 nr. 31 om behandling av personopplysninger (personopplysningsloven) <p><u>Konika/Minolta skildrar systemet slik:</u></p> <p><i>M-Files er en plattform for håndtering av data og informasjon i form av filer og dokumenter. Ved å fokusere på hva man lagrer, fremfor hvor man lagrer det, åpner systemet for uante muligheter med hensyn til automatisering av arbeidsprosesser, systematisering av informasjon, og ikke minst enkel gjenfinning av informasjon når man trenger det, der man trenger det.</i></p> <p><i>M-Files er en objektbasert, metadatastyrt plattform for håndtering av dokumenter, data og annen elektronisk informasjon. På folkemunne betyr det et system hvor man kan samle dokumenter og data basert på hva det er. Et objekt kan være en fil, et dokument, et bilde, et registreringsnummer, et serienummer, en maskin, en person, en kunde etc. For å kunne håndtere disse objektene, berikes de med informasjon, eller såkalt metadata. Eksempler på metadata kan være dato, eier, bruker, lokasjon, dokumenttype, maskinmodell, bilmodell, etc. Ved å berike et dokument med metadata, vil man kunne automatisere videre håndtering, og all informasjon knyttes sammen slik at de enkelt kan gjenfinnes ved behov.</i></p> <p>Vi har avtala eit uforpliktande arbeidsmøte til den 1. mars '19, og vi er kjend med at innføring av programvara M-files vil kunne føre med seg ei grunninvestering i storleik kr 150' – 200'</p>
<p>Vedtak Sak 03/2019</p>	<p>Sak 03/2019 Elektronisk arkiv</p> <p>Styret tek informasjonen til vitande.</p>
<p>Sak 04/2019</p>	<p>Sak 04/2019 Lokal dataserver – oppgradering (reinstallasjon) eller utskifting</p> <p>Den lokale dataserveren vår trengst oppdaterast for å handtere mange av naudsynte programvareinstallasjonar.</p> <p>Lidvard Arvesen AS, vår eksterne IT-partner, skildarar situasjonen slik:</p> <p><i>Tiden går vannvittig fort og vi burde egentlig begynne sette server på dagsorden. Vår kons. Ole Gunnar Deila har sikkert nevnt på at noe må gjøres med server i starten av mars?</i></p>

	<p><i>Poenget er at virtualiseringsystemet som ligger i bunn på veldig mange servere og også deres , stopper å fungere - Citris fornyer ikke lisenser på disse etter 1. Mars – og dette betyr enten reinnstallasjon eller utskifting av serveren. Deres server er 5år og i våre øyne gjør dette det svært <u>uaktuelt</u> å koste på en reinnstallasjon. Tenker dere M-files vil denne også fordre en oppgradert server.</i></p> <p><i>Bytte av dataserver vil sannsynlegvis føre med seg ei investering i storleik, kr 120 000,-</i></p>
<p>Vedtak Sak 04/2019</p>	<p>Sak 04/2019 Lokal dataserver – oppgradering (reinnstallasjon) eller utskifting Styret godkjenner bytte av dataserver til ein kostnad som skildra i saka. Investeringa finansierast ved låneopptak.</p>
<p>Sak 05/2019</p>	<p>Sak 05/2019 Førebels rekneskap 2018 Førebels rekneskap for 2018 er under arbeid. Vi skal utarbeida sjølvkostrekneskapet den 11. febr. '19 saman med konsulent frå EnvidanMomentum, og etter dette vil ein kunne presentera korrekte nykkelfordela resultatrapportar av dei tri avdelinga; i) renovasjon, ii) slam og iii) næring.</p> <p>Ein førebels resultatrapport og balanse vil bli presentera i møtet.</p>
<p>Vedtak Sak 05/2019</p>	<p>Sak 05/2019 Førebels rekneskap 2018 Styret tek informasjonen om førebels rekneskap 2018 til vitanda.</p>
<p>Sak 06/2019</p>	<p>Sak 06/2019 Signering av avtaler og kontraktar Historisk sett har det vore ein praksis i verksemda at reglane om signatur har blitt fylgd ved signering av nye avtaler og kontraktar. Jf. firmaattest vil dette seia at styreleiar saman med dagleg leiar eller to styremedlem saman med dagleg leiar kan binde verksemda til avtaler / kontraktar. Dette er praktisk sett noko tungvint, og styret meiner dagleg leiar kan delegerast slik mynde åleine, om dei avtalene / kontraktane som bind selskapet har dekning i vedtekne budsjett og økonomiplanar.</p> <p>Styret kan ikkje gje signaturrett til kven som helst, men berre til styremedlemmer, dagleg leiar eller navngjevne tilsette i verksemda. Viss dagleg leiar er gjeve rett til å «teikne selskapets firma» åleine, vil vedkomande på denne måten kunne inngå andre avtaler og, enn dei som han elles er gjeve mynde til.</p>
<p>Vedtak Sak 06/2019</p>	<p>Sak 06/2019 Signering av avtaler og kontraktar <u>Dagleg leiar i fellesskap med driftsleiar i verksemda</u> vert gjevne rett til å signere dei avtaler som er knytt til drifta av verksemda, og dei avtalene som følgjer direkte av vedtekne budsjett og økonomiplanar.</p>

<p>Sak 07/2019</p>	<p>Sak 07/2019 Status – programfesta endringar/tiltak</p> <ul style="list-style-type: none"> • hytterrenovasjon – auka sortering, soneinndeling mm Tilbod om auka sortering ved returpunkta er ikkje igangsett. Dette tilhøyrer det samla prosjektet som den framtidige tilsette prosjektleiar mellom anna skal handtere. Når det gjeld «soneinndeling» gjelder same førehald som nemnd over. • eigenregi – hytterrenovasjon Konkurransesgrunnlaget vedk. anskaffing av renovasjonsbilar er lagt ut via Doffin/TED – tilbudsfrist 19.02.2019 Utlysing – ledig stilling Prosjektleiar – vil kome ut primo febr. '19 • eigenregi – bemanning på mottaksanlegget Litveit og satellittstasjonane Det vurderast eigentilsetting av personell ved Litveit slammottak. I dag driftast mottaket av Lindum AS som og syter for lokalt mannskap. Lindum AS har signalisera at dei ikkje ønskjer ei vidareføring av dagens avtale utover 31.12.2019, og i den samanheng må vi ta stilling til den vidare drift av anlegget. Frå administrativt hald vil det innstillast på drift av mottaket i eigenregi under føresetnaden av at det kan etablerast ei ekstern avtale med verksemd som kan bistå med slamanalyser og omsetnad. Når det gjeld bemanning ved satellittstasjonane har flg. skjedd: Hovdestad – eigentilsett 20% stilling / i kombinasjon med bruk av tilsett ved hovudmottaket Vistad – leigetilsett via Telemark Godslinjer AS Skårmoen – eigentilsett 20% stilling • plastdunkar til hushaldningsrenovasjon Plastdunkar til hushaldsrenovasjonen er på «tapetet», men av omsyn til årstida og utkjøyring (praktisk) er det vurdert utsetjing av innkjøpet/utsetjing til nærare våren.
<p>Vedtak Sak 07/2019</p>	<p>Sak 07/2019 Status – programfesta endringar/tiltak</p> <p><i>Styret tek informasjonen til vitanda, samstundes som dei ber administrasjonen kome attende med konkretiseringar/framdriftsplaner (status) i høve hyttereturlpunkt knytt til dei største hyttekonsentrasjonane fram mot neste møte:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> – <u>hytterrenovasjon – auka sortering, soneinndeling mm</u> <i>Styret ønskjer ei raskare utviding (auka fraksjonering) ved spes. hyttereturlpunkta, og ber administrasjonen førebu/forhandle med grunneigarar knytt til dei største hyttekonsentrasjonane med mål om å utvide leigeareala for aktuelle returpunkt innan 30.04.2019.</i>
<p>Sak 08/2019</p>	<p>Sak 08/2019 Plasthandsaming – intensjonsavtale</p> <p>Telemark Technologies har starta eit prosjekt ifm. omdanning av fleire plastfraksjonar til «plastolje».</p> <p>Telemark Technologies hevdar at fleire lokale avfallsverksemder har signera intensjonsavtale om å delta i prosjektet, og Renovest blir, via vedlagte utkast til intensjonsavtale, invitert til å delta.</p> <p>Renovest har i dag avtale om levering av emballasje-/mjukplast til Grønt Punkt. Denne avtale terminerast mot slutten av '19, men vil sannsynlegvis kunne bli vidareført. Vi har bedt om og i skrivande stund har vi fått tilbod om ei ny og utvida avtale med Grønt Punkt. Denne avtala skildrar moglegheit for levering av folie og EPS (ekspandert Polystyren), deriblant landbruksplast.</p>

	Begge dei nemnde avtalene leggjast ved saka, innhald og liknande blir gjennomgått i styremøtet.
Vedtak Sak 08/2019	Sak 08/2019 Plasthandsaming – intensjonsavtale <i>Styret tek informasjonen om plasthandtering til vitande, og ber administrasjonen halde fram med arbeidet om å etablere gode avtaler for framtidig handtering av plastavfall. Landbruksplast blir mellombels handtera som ein næringsfraksjon, jf. tidlegare meldingar.</i>
Sak 09/2019	Sak 09/2019 Eventuelt Styret ønskjer deltaking ved AvfallNorge sin «Årskonferanse 2019» Konferansen arrangerast dagane 18. – 20. juni 2019 Ved påmelding innan 1. mars 2019 oppnår ein rabattera prisar.
Vedtak Sak 09/2019	Sak 09/2019 Eventuelt Styret samt driftsleiar og dagleg leiar deltek på konferansen. Dagleg leiar syter for påmelding ifølgje nemnde premissar.

Neste styremøte etter møteplanen: 10.04.2019



Åge Verpe
Styreleiar

Brunkeberg, den 05.02.2019


Peter Fjågesund
Vararepr.



Mona Skaufel Seltveit
Styremedlem

Tone Gulliksen Øy
Styremedlem

John Kjell Lien
Styremedlem



Toralf Ørekåsa
Sekretær / dagleg leiar

